

Hardanger Spelemannslag
v/ Alexander Røystrand
Nitunsvegen 6
5736 Granvin
Kontonummer 3450 37 71200



Ulvik, 12.02.2017

Søknad om stønad til Hordamønstringa 2017

Hardanger Spelemannslag står som tilskipar av [Hordamønstringa 2017](#) i Granvin, laurdag 11.mars 2017.

Me reknar me at mønstringa vil samla omlag 75 deltakarar i spel, song og dans i frå heile fylket. Hordamønstringa vert skipa til kvart år, og mønstringa alternerar mellom laga i Hordaland Folkemusikklag. I 2017 er det Hardanger Spelemannslag som er lokal tilskipar.

Mønstringa samlar vanlegvis mange unge utøvarar – då særleg i klasse C som er klassen for dei mellom 12 og 18 år, samt i den sokalla rekruttklassen som er for dei som er under 12 år. Dette gjeld både i spel, song og dans, og me som arbeidar med dette til dagleg ser på denne årlege tilskipinga som ei svært viktig arena for dei aller yngste.

I tillegg til deltakarane reknar me naturlegvis med både lokale og tilreisande tilhøyrar.


Mønstringa i 2017 vil verta skipa til som ein ordinær kappleik med høve til deltaking i alle klassar med alle dansar og instrument som fell inn under FolkOrg sitt kappleiksreglement.

Tilskipinga vil involvera om lag 50 personar på tilskiparsida. Dette er medlemar i Hardanger Spelemannslag og andre interesserte som stiller opp på dugnad – m.a. foreldra til medlemane i Hardanger Juniorspelemannslag.

For heile mønstringa har me budsjettert med inntekter på kr 50.00 inklusive tilskot, og med utgifter på same summen, slik at dette ikkje er meint å vera nokon inntektskjelde for laget – men me ynskjer heller ikkje å påføra laget utgifter utover arbeidsinnsats med å ta på oss ei slik tilskiping.

Nemnda for Hordamønstringa 2017 søker med dette om eit tilskot på **kr 2 000** som skal nyttast til førebuing og gjennomføring av mønstringa.

Hardanger Spelemannslag
v/ Alexander Røystrand
Nitunsvegen 6
5736 Granvin
Kontonummer 3450 37 71200



Eventuell stønad kan overførast til konto 3450.37.71200 tilhøyrande Hardanger Spelemannslag v/kasserar Torkjell Lunde Børsheim, Byrsevegen 90, 5730 Ulvik

Med beste helsing
Nemnda for Hordamønstringa 2017



Anne-Marie Øydvin
Leiar i økonominemnda

Vedlegg:
Budsjet for Hordamønstringa 2017
Informasjonsskriv om mønstringa

Hardanger Spelemannslag
v/ Alexander Røystrand
Nitunsvegen 6
5736 Granvin
Kontonummer 3450 37 71200



Budsjett for Hordamønstringa 2017

Inntekter

HFL	4 000
RFF	5 000
Deltakaravgifter	9 000
Billettinntekter	10 000
Kafé-drift	4 000
Annonseinntekter	3 000
Sponsorinntekter og tilskot	15 000
	50 000

Utgifter

Husleige - Trudvang, skulen + brakker	10 000
Mat - kafé/dommarar m.m.	4 000
Premiar	9 000
Kontorutgifter/bankgebyr	2 000
Dommar-utgifter	15 000
Plakatar & PR	5 000
Lyd & ljøs	5 000
	50 000